

## - Heng høgt å få denne tittelen

8 FREDAG 11. DESEMBER 2020 **FJORDINGEN**

### Vegdirektøren kjem til Stryn for å diskutere Strynefjellet



FOTO: SAMFERDSELSDEP./HENRIK JONASSEN

Det er avtalt møte med vegdirektør Ingrid Dahl Hovland (bildet) for nærare diskusjon om Strynefjellet.

Måndag denne veka hadde ordførarane frå Stryn, Stranda, Ørsta, Volda, Skjåk og Lom møte med vegdirektør Ingrid Dahl Hovland og utbyggingsdirektør Kjell Inge Davik, Statens Vegvesen. På agendaen stod mellom anna regulerings-

plan for Strynefjellstunnelen. Møtet med vegdirektøren vart avvika digitalt, og tema var både Strynefjellet og Voldatunnelen. Også representantar frå næringslivet i dei ulike kommunane deltok.

9. mars blir det nytt møte. Det blir i Stryn og då blir handtering av overskotsmassar også eit sentralt tema.

– Vi var samde om å ha nytt

møte, då for Stryn, Stranda og Skjåk, sidan det er der prosjektet ligg geografisk, og vil då blant anna diskutere reguleringsplan og korleis handtere overskotsmassar. Vegdirektøren takka også ja til tur over fjellet i lastebil med Rolf Olav Tenden, fortel ordførar Per Kjøllestad.

Han meiner at oppstart av reguleringsplan vil vere avgje-

rande for framdrift i prosjektet.

– Eg opplevde det som eit veldig positivt møte, og kan vi kome i gang med regulering trur eg det er viktig for framdrifta. Det er ei kjensgjerning at kjem ein i gang med noko så er det enklare å drive prosjekta fram.

**ROY ARON MYKLEBUST**  
roy.aron.myklebust@fjordingen.no

● HS Bygg med nok ein superlærling:

## – Heng høgt å få denne tittelen



**FEIRA:** HS Bygg i Stryn gjerd stas på Lillian Nummedal Bryn og feira utmerkinga med kake. Heilt til høgre på bildet ser vi opplæringsleiar i Bygg Opp Vestland, Håkon Svoen.

HS Bygg-lærlingen Lillian Nummedal Bryn kan smykke seg som Årets tømrarlærling i Vestland. – Veldig stor stas. Det heng høgt å få denne tittelen, smiler jenta frå Vik i Sogn.

Det var onsdag i lunsjpausen at Bryn vart overraska av kollegaene med prisutdeling, kake og fine ord. Også Bygg Opp Vestland var på plass for å vere med på utdelinga. Det er fjerde gong at ein lærling frå strynebedrifta får denne utmerkinga.

– Det er få som kan skilte med ein slik statistikk. Det er kjekt med ei så serios og dyktig bedrift, skrytte Håkon Svoen, opplæringsleiar i Bygg Opp

Vestland.

Dagleg leiar ved HS Bygg, Knut Løvdal Stauri, var tydeleg stolt arbeidsgeivar.

– Det var aldri tvil om at vi skulle nominere deg. Du er ein verdig vinnar, sa Stauri, og rosa kunnskapane, engasjementet og det gode humøret til Bryn.

– Det er sjeldan vi seier at ein lærling bidreg til å bygge ein god bedriftskultur, men det har du gjort, sa han vidare, og gav også ros til fadderane, Alfred Tytingvåg og Bjarte Eimhjellen, for god oppfølging.

– De har sytt for rammer rundt henne som har gjort henne trygg, sa Stauri.

**Vil ta meisterbrev**

– Dette var veldig stor stas. Eg er heilt overvelda. Det er dette



**ÅRETS LÆRLING:** Lillian Nummedal Bryn frå Vik i Sogn er lærling ved HS Bygg i Stryn. Ho er kåra til årets tømrarlærling i Vestland. Det er EBA Vestenfjelske og Bygg Opp Vestland som står bak kåringa. Som del av utmerkinga vanka det 10.000 kroner.

eg har drøymt om, den heng så høgt denne tittelen. Det er veldig kjekt at det blir sett pris på at ein har gode haldningar og gjer godt arbeid, seier Bryn, som på si side håpar at ho kan inspirere til at fleire jenter finn vegen inn i byggebransjen.

– Eg ser at fleire søkjer på byggfag og yrkesfag enn før, og det er kjempebra.

Planen etter lærlingtida er å gå teknisk fagskule i Ålesund og

ta meisterbrev. Ein jobb i HS Bygg i framtida kan også vere aktuelt om høvet byr seg.

– Ja, absolutt. Eg trivst veldig godt og dei har teke kjempegodt imot meg. All ære til dei, for det er dei som har fått meg opp og fram, rosar ho arbeidsgeivaren og kollegaene.

Interessa for tømrarfaget har kome gradvis, ifølgje Bryn.

– Eg likte godt sløyd på ungdomsskulen. Då var det ikkje

alt som vart beint, men læraren min sa at så lenge interessa var der så gjorde det ikkje noko. Det ville kome med tida. Det viktigaste var å dyrke interessa, seier ho.

– Blir det beint no?

– Ja, det blir betre og betre, smiler årets tømrarfaglærling.

**ROY A. BRENVIK MYKLEBUST**  
roy@fjordingen.no



**MULEGHEITER:** Knut Løvdal Stauri (t.h.) meiner yrkesfag er ein fin inngang til mange utdanningsmulegheiter. T.v: Bjarte Eimhjellen og Alfred Tytingvåg som er fadder for Lillian Nummedal Bryn.

### Målretta satsing på lærlingar

Knut Løvdal Stauri ser gjerne at Bryn blir i firmaet også etter lærlingtida, men er samstundes oppteken av at om ho vil utdanne seg vidare er det flott.

– Fleire av leiarane i HS Bygg i dag har gått vegen om yrkesutdanning, og deretter gått vidare på teknisk fagskule eller ingeniørskule. Om dei vil halde fram som fagarbeidar eller utdanne seg vidare er opp til den enkelte, og begge deler er like verdifulle, seier han. HS Bygg har

vakse mykje siste åra og har på det jamne 8-10 lærlingar. For Stauri og HS Bygg er det ei målretta satsing.

– Det er heilt avgjerande for at vi skal skaffe dei fagpersonane vi treng. Vår strategi har vore å satse på norske fagarbeidarar, ikkje noko vondt om dei utanlandske, men vi vil det skal snakkast norsk på brakka og vere ein organisasjon med norske fagfolk. Vi har dyktige polakkar med oss også, og dei har teke norskun-

dervisning for å få fast tilsetjing. Stryn vidaregåande skule og fagutdanninga der er heilt avgjerande for HS Bygg og bransjen, seier Stauri. Han er stolt over å ha lærlingar som får slike utmerkingar. – Det er veldig viktig og vi er veldig stolte av lærlingane vi har nominert. Helge Kroken var den første frå oss som vart kåra til årets lærling, og han er formann i dag, fortel Stauri.

**ROY A. BRENVIK MYKLEBUST**  
roy@fjordingen.no